

# Øystre Slidre kommune

## Formannskapet

### Møtebok

Møtedato: 22.06.2023  
Møtestad: Tingvang - møterom Skaget

Møtetid: Kl. 09:00 - 16:00

#### Medlemmer

Bjarne Budal  
Bente Oxhøvd  
Arnfinn Beito  
Kristin Krogvold Fystro  
Odd Erik Holden  
Gunnar Thue  
Morten Steinsrud

#### Parti


AP  
H  
SP  
SP  
SP  
H møtte i sak 41 og 43  
SP møtte i sak 42

#### Andre som møtte:

Jostein Aanestad

**Sakliste**

| <b>Sak nr.</b> | <b>Sakstittel</b>   |
|----------------|---|
| 36/23          | Referat- og orienteringssaker                                   |
| 38/23          | 36/118 Vedtak på søknad om konsesjon ved erverv av fast eiendom |
| 39/23          | Behandling av klage på avslag på saksomkostninger               |
| 40/23          | Vurdering av innspel  |
| 41/23          | Vurdering av innspel med habilitet innspel 100                  |
| 42/23          | Vurdering av innspel med habilitet innspel 103 og 104           |
| 43/23          | Vurdering av innspel med habilitet innspel 13                   |



# Øystre Slidre kommune

## Saksframlegg

**ArkivSak:** 23/1068  
**ArkivID:** K1-033, K3-&17  
**Saksbehandlar:** Liv Bodil  
Tyskeberg Moen

| Saksnr. | Utval         | Møtedato   |
|---------|---------------|------------|
| 36/23   | Formannskapet | 22.06.2023 |

## Referat- og orienteringssaker

### Underliggende sak:

| Saksnr. | Tittel   |
|---------|--|
|         | Klageavgjerd - Overvasstiltak, bekkeomlegging - Finntøpplie i Øystre Slidre kommune  |
|         | Vedtak om tilskot til etablering av Nasjonalt senter for fjellandbruk  |
|         | Søknad om tilskot for boligtiltak i distriktene  |
|         | 3/472/0/8 Klageavgjørelse – dispensasjon for tilbygg og påbygg til fritidsbolig på eiendom 3/472/0/8 – Øystre Slidre kommune |
|         | Søknad om støtte   |
|         | Vedtak i klagesak - konsesjon på gbnr. 7/31 og 100 i Øystre Slidre kommune   |

### Tilråding

Sakene vert teke til vitande.

..... gir fullmakt til .... å godkjenne og signere protokollen.

### Formannskapet 22.06.2023:

#### Behandling:


Formannskapet gir fullmakt til Bjarne Budal og Odd Erik Holden å godkjenne og signere protokollen.

Samrøystes vedteke

#### FS- 36/23 Vedtak:

Sakene vert teke til vitande.

Formannskapet gir fullmakt til Bjarne Budal og Odd Erik Holden å godkjenne og signere protokollen.



# Øystre Slidre kommune

## Saksframlegg

**ArkivSak:** 23/416  
**ArkivID:** K2-V62, GBNR-36/118  
**Saksbehandlar:** Gustav Fystro

| Saksnr. | Utval         | Møtedato   |
|---------|---------------|------------|
| 38/23   | Formannskapet | 22.06.2023 |

### **36/118 Vedtak på søknad om konsesjon ved erverv av fast eigedom**

#### **Tilråding**


Formannskapet gjev Storefoss Sag AS, Vølbusvegen 20, 2940 Heggenes, v/Odd Blomlie og Knut Jørstad, konsesjon for overtaking av eigedomen gnr 36 bnr 118 i Øystre Slidre.

#### **Bakgrunn for saka**

Storefoss Sag AS, Vølbusvegen 20, 2940 Heggenes, v/Odd Blomlie og Knut Jørstad, søker om konsesjon for overtaking av eigedom, gnr 36 bnr 118, i Øystre Slidre. Overdragar er Eli Anne Østengen, Gamle Ringeriksvei 45C, 1357 Bekkestua.

#### **Saksopplysningar**

Storefoss Sag AS søker om konsesjon for overtaking av skogteig, gnr 36 bnr 118, i Øystre Slidre. Teigen er oppgjeve til 61 623 kvm og ligg på Luskeråsen. Ervervet omfattar deler av område som i kommuneplanen sin arealdel er sett av med føremål framtidig fritidsbusetnad, nemnt HL-186-60, samt mindre delar av HL-59-17F og HL-263-20F. Totalt omfattar også ervervet eit restareal, LNFR-areal på ca 24,4 dekar, som uproduktiv skog inkludert ca 7 dekar myr.





Kjøpesummen for eiendommen er sett til kr 400 000,-.

Storefoss Sag AS har i kommunen frå før eiendommene gnr/brn 27/118 (Robølsvegen 93, 2940 Heggenes – tidlegare Coop Byggmix – 6,1 dekar), 27/132 (Raubrotmoen – 8 dekar), 34/54 (Vølbusvegen 15, 2940 Heggenes – m/lagerhall – 2.1 dekar), 36/109 (Vølbusvegen 18, 2940 Heggenes – m/foretningsbygg Montér – 4,5 dekar, ½ i 36/18 (Jørstad Østre på Luskeråsen – 146,3 dekar) og 36/96 (tomt fritidsbustad, Luskeråsen, med grense til denne overdraginga – 1,6 dekar).

Storefoss Sag AS er eigd 50% av Agalaus Holding AS v/Odd Blomlie og 50% av Knut Jørstad AS v/Knut Jørstad, begge med andre eigartilhøve i kommunen. Blomlie til gnr/brn 5/120, 25/35, 25/97 og 25/113 og Jørstad til gnr/brn/fnr 33/3, 35/107, 35/128, 36/1, 36/49, 36/78, 53/1/23, 53/1/448, 9002/1, 9002/40-49.

#### Om konsesjonslova

Konsesjonslova har som føremål å regulere og kontrollere omsetnad av fast eiendom for å oppnå eit effektivt vern om landbruket sine produksjonsareal og slike eigar- og brukstilhøve som er mest gagnlege for samfunnet, mellom anna for å tilgodesjå:

- framtidige generasjonar sitt behov,
- landbruksnæringa,
- behovet for utbyggingsgrunn,
- omsynet til miljøet, allmenne naturverninteresser og friluftinteresser,
- omsynet til busettinga.

Etter konsesjonslova er det konsesjonsplikt for eiendomsoverføring av ubygde areal om ikkje arealet ligg i eit område som i reguleringsplan er regulert til anna enn landbruksområde eller

arealet i kommuneplanen er lagt ut til byggeområde. Etter § 11 kan konsesjon etter lova gjevast på slike vilkår som i kvart enkelt tilfelle kan sjåast på som påkravd av omsyn til dei føremål lova skal fremme. Det kan lempast på vilkåra etter søknad.

### **Vurdering**

Eigedomen, gnr 36 bnr 118, på Luskeråsen i Øystre Slidre er på totalt 61,6 dekar der deler av område er avsett med føremål framtidig fritidsbusetnad i kommuneplanen, med eit restareal på ca 24,4 dekar som LNFR-område. Kjøpar må derfor ha konsesjon.

For område utan godkjendt regulering til anna bruk enn LNFR skal jordlova sine §§ 9 og 12 og skogbrukslova sin §5 gjelde.

Storefoss Sag AS har frå før eigartilhøve til areal i området på Luskeråsen med same føremål som gjeldande for gnr/brn 36/18. Det kan vera gunstig i ein framtidig prosess mot godkjent reguleringsplan.

Ut frå kommunen sin vurdering er ikkje dette ervervet i strid med konsesjonslova sine føremål, og kommunedirektøren vil derfor tilrå at Storefoss Sag AS får konsesjon på eigedomen gnr 36 bnr 118.


### **Formannskapet 22.06.2023:**

#### **Behandling:**

Samrøystes vedteke.

#### **FS- 38/23 Vedtak:**

Formannskapet gjev Storefoss Sag AS, Vølbusvegen 20, 2940 Heggenes, v/Odd Blomlie og Knut Jørstad, konsesjon for overtaking av eigedomen gnr 36 bnr 118 i Øystre Slidre.



# Øystre Slidre kommune

## Saksframlegg

**ArkivSak:** 22/2032  
**ArkivID:** GBNR-3/18, K2-L33  
**Saksbehandlar:** Inga Lill Holen

| Saksnr. | Utval         | Møtedato   |
|---------|---------------|------------|
| 39/23   | Formannskapet | 22.06.2023 |

## Behandling av klage på avslag på saksomkostninger

### Vedlegg:

|            |  |        |
|------------|--|--------|
| 09.06.2023 | Tillegg til klage  | 230253 |
| 09.06.2023 | 230426 Klage på avslag ØSK tillegg.pdf   | 230254 |
| 09.06.2023 | Klage på avslag  | 230256 |
| 09.06.2023 | 230425 Klage på avslag ØSK.pdf   | 230257 |
| 09.06.2023 | Vedr klage på fradeling av p-plass, Garli  | 230259 |
| 09.06.2023 | Dispensasjonsvedtak. Vedtak om deling - 3/18<br>Frådeling - offentlig parkeringsplass Garli  | 230260 |
| 09.06.2023 | SV: Fradeling av parkeringsplass på Garli  | 230261 |
| 09.06.2023 | SV: Fradeling av parkeringsplass på Garli  | 230263 |
| 09.06.2023 | Tilbakemelding - Supplerende brev til søknad om<br>fradeling av Garli parkering fra gbnr 318 | 230265 |
| 09.06.2023 | SV: Vedrørende Garli Parkering   | 230266 |
| 09.06.2023 | SV: Vedrørende Garli Parkering   | 230267 |
| 09.06.2023 | Henvendelse ang. frådeling parkeringsplass på Garli  | 230268 |
| 09.06.2023 | 3/18 Søknad om frådeling av parkeringsareal  | 230269 |

### Tilråding

Med heimel i forvaltningslova § 36 avslår formannskapet krav om saksomkostnader. Saka vert sendt til Statsforvaltaren for endeleg avgjerd.

### Bakgrunn for saka

Øystre-Slidre kommune mottok ein søknad dagsett 1.9.22 om frådeling av parkeringsplass på ovannemnde eigedom.

Den 01.11.2022 sendte kommunen ut melding om at frådelinga var avhengig av dispensasjon frå reguleringsplanens arealformål, og at det måtte sendast inn ei dispensasjonssøknad.

Søknad om dispensasjon vert sendt inn den 22.03.2023, av advokat Øyvind Dahle i Advokatane i Valdres på vegne av tiltakshavar. I mellomtida var det ein del dialog mellom kommunen og advokat Dahle om det i det heile var naudsynt med dispensasjon. Det vart til slutt inngått ei avtale mellom kommunen og Kveto Holding AS, som er dei som skal drive den offentlege parkeringsplassen på vegne av kommunen. Avtalen inneber at arealet etter frådeling skal nyttast i tråd med formålet som går fram av gjeldande reguleringsplan.

Løyve og dispensasjon vart innvilga den 31.03.2023 ved kommunedirektøren ved leiar av næring, plan og byggesak. Avtalen var vilkår for frådelinga.

### Saksopplysningar



Saka gjeld klage på avslag om sakskostnader datert 25.04.2023.

Etter at dispensasjon vart innvilga vart det satt fram eit krav om dekning av sakskostnader for det arbeidet advokat Dahle har hatt i saka. Kravet, sendt inn den 12.04.2023, er på totalt 52 750 kr.

Kommunen avslo kravet i brev datert 25.04.2023. Advokat Dahle påklaga avslaget i klage datert 25.04.2023.

I klagen vert det gjort gjeldande at e-post datert 01.11.2022 må sjåast på som eit enkeltvedtak, og at arbeidet advokaten har lagt ned har fått kommunen til å omgjere vedtaket. Advokaten har heile tida argumentert for at det ikkje er naudsynt med dispensasjon, og kommunen inngjekk til slutt ei avtale om bruken av det omsøkte arealet.

### **Vurdering:**

Etter forvaltningslova § 36 første ledd skal ein part tilkjennes dekning for «*vesentlige kostnader som har vært nødvendige for å få endret vedtaket*» når «*et vedtak blir endret til gunst for en part*».

Det må altså vere tale om eit «*vedtak*», som er enda til gunst.

Forvaltningslova § 2 første ledd bokstav a definerer «*vedtak*». Etter føresegna er dette ei «*avgjørelse*» som «*treffes under utøving av offentlig myndighet*», og som «*er bestemmende for rettigheter eller plikter for private personer*».

I e-post datert 01.11.2022 kjem kommunen med tilråding om at det må søkjast dispensasjon. Det er på det rene at dette ikkje er eit «*vedtak*» i forvaltningsrettleg forstand. Dette må sjåast på som rettleiing, og kommunen var klar på at dispensasjon mot kommunen si tilråding likevel kunne søkjast om. Vedtaket i saka vart ikkje fatta før den 31.03.2023, og det kan ikkje krevjast dekning for arbeid lagd ned før eit vedtak er fatta. Og viss kommunen her ikkje hadde inngått dialog med tiltakshavar om vilkår/avtale for frådelinga, hadde alternativet vore eit avslag. Det ligg utanfor forvaltninga si kontroll dersom det kjem nye eller endrande opplysningar, og det fører til omgjering. Dette kan difor ikkje gje rett til dekning av sakskostnader. Følgjeleg, om kommunen hadde kome til einigheit om vilkår/avtale før vedtaket, som her, eller etter eit avslag i ei klagerunde, hadde difor ikkje hatt noko å sei for sakskostnadskravet. Vilkåra i forvaltningslova § 36 er ikkje oppfylt, og det er difor ikkje rettsleg heimel for å innvilge kravet om sakskostnader.

Om innstillinga vert fulgt av formannskapet vil klagen bli send til Statsforvaltaren for endeleg avgjerd.

### **Formannskapet 22.06.2023:**

#### **Behandling:**


Kommunedirektøren opplyste at ordlyden “på vegne av kommunen ” i saksframlegget kan mistydast og skal ikkje takast med ved oversending til Statsforvalteren.

Tilråding med opplysning frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteke.

#### **FS- 39/23 Vedtak:**

Med heimel i forvaltningslova § 36 avslår formannskapet krav om sakskostnader. Saka vert sendt til Statsforvaltaren for endeleg avgjerd.





# Øystre Slidre kommune

## Saksframlegg

**ArkivSak:** 21/808  
**ArkivID:** K1-141, PLANID-202102  
**Saksbehandlar:** Anne Karen Olsen

| Saksnr. | Utval         | Møtedato   |
|---------|---------------|------------|
| 40/23   | Formannskapet | 22.06.2023 |

## Vurdering av innspel

### Vedlegg:

|            |                            |        |
|------------|----------------------------|--------|
| 16.06.2023 | Vurdering av innspel del 2 | 230605 |
| 16.06.2023 | Vurdering av innspel del 1 | 230606 |

## Tilråding

**Formannskapet sluttar seg til tilrådingane kommunedirektøren har gjort i vedlagde notat om korleis innspela til arealdelen skal bli følgd opp i framlegg til revidert plan.**

## Bakgrunn for saka

I planprogrammet for revidering av kommuneplanen sin arealdel (KPA) bad vi om innspel til planen. Innspel om skal vurderast av administrasjonen for politisk handsaming. Vurderingskriteria for denne typen innspel var lista opp i planprogrammet.

Det kom inn totalt 105 innspel frå våren 2021 til februar 2022. 62 av desse gjekk på arealbruksendring. Kommuneadministrasjonen vurdert innspela etter kriteria i planprogrammet fram til mars 2022. For dei innspel som administrasjonen då tilrådde å ta med i det vidare planarbeidet blei forslagsstillar bedt om å lage ei konsekvensutgreiing med frist tilbake til kommunen 1.mai 2022. Alle 62 innspel får ei skriftleg tilbakemelding.

Dei 43 andre innspela går på forslag til endring av føresegnene, motsvar til på andre innspel til stadfesting av at dagens arealdisponering er tilfredsstillande.

I FS- 14/22 gjorde formannskapet følgjande vedtak:

*«Formannskapet tek innkomne innspel til arealbruksendringar til førebels orientering.*

*Formannskapet sluttar seg til habilitetsvurderingane som er gjort i vedlagde notat.»*

Vurdering av innspel- arealbruksendring tatt opp i formannskapet 10.03.2022, blei det bestemt at 52 sakar skulle vurderast vidare med i konsekvensutgreiinga I saka som no vert fremma skal formannskapet ta stilling til korleis innspela til arealdelen skal bli følgd opp i framlegg til revidert plan.

Tre saker vert fremja som eigne saker ut frå vurderingane i notatet om habilitet. Dette er saker der enkelte av formannskapsmedlemmane er vurdert inhabile til å delta i handsaminga av vedkomande innspel.

## Saksopplysningar

Etter vurdering i formannskapet 10.03.2022, blei det administrativt avklart dei innspela som går fram av vedlegga skull greiast ut og vurderast teke inn i revidert arealdel (KPA).

Dei enkelte sakane er utgreidd å vedlagt i vedlegga:

- Vurdering av innspel Del 1
- Vurdering av innspel Del 2

Sakane er bygd opp etter nr. på innspelet, vurdering og tilråding i kvar enkelt sak. I dei sakane det har blitt funne hensiktsmessig, har sakene blitt slått saman og det har blitt gjort ein heilskapleg vurdering. Eit døme på dette er når innspela gjelder sama området.

Tilrådingane er basert på gjennomført KU, samfunnsdelen av kommuneplanen og gjeldande planprogram.

Alle innspela er vurdert opp mot tematiske data frå Valdreskart, data på eksisterande tekniske installasjonar (VA) og statlege retningslinjer for barn og unge. Vedtatt saker frå formannskap ligg også til grunn for vurderingane vi har gjort. Det er blant annet fritidsbustadsnotat frå sak 45/22 og KPA sentrumsutvikling sak 44/22.

Statsforvaltaren og fylkeskommunen har vore tydeleg på at kommunen ikkje skal ha større utbyggingsreserve/utbyggingsområde enn det som er mogleg å få gjennomført/realisert i planperioden. I arbeidet med kommuneplanen fann vi at kommunen hadde eit snitt på rundt 43 nye hytter og 10 nye bustader i året, dei siste 20 åra. Kommunen har ein tomtereserve til bustader i heile kommunen på over 280 tomter og over 350 regulerte hyttetomter, med noko variasjon kor i kommunen denne reserven er.

## Vurdering

Vurderingane som er gjennomført er basert på resultata i konsekvensutgreiinga. Metoden som er benytta i konsekvensutredningen (KU) har to vurderingsgrunnlag, eit for vurdering og verdsetting, og eit om konsekvensar for ulike tema.

Vurdering og verdisetjing bygger på:

- **Naturmangfald:** Viktige naturtypar frå naturbasen, viktige artar, vilt, område verna etter naturmangfaldslova, utvalde naturtypar og utvalde artar
- **Jord- og skogbruk:** Skog og landskap (AR5)
- **Landskap:** Landskapsverdiar, sårbart landskap, viktig kulturlandskap, landemerke.
- Kulturminne og kulturmiljø: Automatisk og vedtaksfreda bygg og anlegg, gravminne, kulturmiljø
- **Vassdrag:** Verna vassdrag, kalksjøar, rike kulturlandskapssjøar, strandsone, utvalde naturtypar.

Verdisetjing er mål frå låg til middels til stor verdi. Det blir vurdert slik:

\* = Ok, vurdert

- = vurdert negativt

+ = vurdert positivt

Konsekvensvurderte tema bygger på:

| <b>Tema</b>                         | <b>Innhald (kva er vurdert)</b>   | <b>Kunnskap</b>  |
|-------------------------------------|---|--|
| <b>Naturmiljø og naturmangfald</b>  | Naturmangfald (naturtypar og skogområde), viltførekemstar. Område vern etter naturmangfaldslova. Vurderingar etter naturmangfaldslova | Naturbase, temakart<br>Valdreskart, artskart             |
| <b>Jordbruk</b>                     | Konsekvensar for landbruksproduksjon og skog. Jordvernstrategi.   | Skog og landskap<br>AR5+ dyrkbar mark                    |
| <b>Landskap</b>                     | Visuelt sårbart eller eksponert areal.  | Lokal kunnskap, terrengmodell og synfaring.              |
| <b>Kulturminne og kulturmiljø</b>   | Freda eller verneverdig kulturminne eller miljø, eldre busetnader og gardstun   | Askeladden kulturminnesøk.<br>Kulturminneplan ØSK.       |
| <b>Forureining og klima</b>         | Fortetting. Areal og transport.   | Kart<br>Grunnforurensingsdatabasen                       |
| <b>Friluftsliv og rekreasjon</b>    | Turstigar, nærområde for friluftsliv, løyper  | Kart, lokal kunnskap og stig- og løypeplan.              |
| <b>Barn og unge sine interesser</b> | Uteareal for barn og unge. Vegar/stigar i mellom. Idrettsanlegg.  | Kartgrunnlag og lokal kunnskap                           |
| <b>Risiko og sårbarheit</b>         | Flaum, skred (jord, stein og snø), radon  | Berggrunnskart (Valdreskart), Ulike databasar (NVE, NGU) |
| <b>Teknisk infrastruktur</b>        | Veg, vatn og avløp  | Kart   |
| <b>Sosial infrastruktur</b>         | Barnehage, skule, helse- og sosialtenester, bustader  | Kart   |

Konsekvensar ved ny arealbruk er vurdert frå -3 til +3; frå store negative konsekvensar til store positive konsekvensar.

Vurdering og verdsetting kjem fram i vedlegg som ein eiga tabell under vurdering, mens konklusjonen frå konsekvensvurderte tema kjem fram i vurdering av konsekvens ved endra bruk av areal der dette er aktuelt.

I tillegg er følgjande notata handsama i formannskapet lagt til grunn for kommundirektøren sin tilråding:

- KPA næringsareal sak 32/22
- KPA bustadbygging sak 31/22
- KPA fritidsbustadnotat sak 56/22
- KPA sentrumsutvikling sak 44/22

- Drøftingsnotat renovasjon sak 64/22

## **Formannskapet 22.06.2023:**

### **Behandling:**

Kommunedirektøren opplyste at formuleringa ... utanom tomt A1 til A4, ikkje er knytt til innspel 5, men til innspel 84.

Innspel 59, 88 og 89:

Formannskapet finn forslaga interessante, men meiner forslagsstillarane må arbeide vidare med å:

- Kople føreslått løysingar for sti/løype til eksisterande sti/løype (Raud 1)
- Avklare det føreslåtte løypenettet mot løypenettet ved BHSS
- Vurdere nærleiken til næringsområdet
- Vurdere vegløyning mellom rv 51 og Beitestølsvegen

Formannskapet vil ta stilling til innspelet når forslagsstillar har meldt tilbake på desse punkta.

Innspel 61:

Tillegg: Formannskapet ber kommunedirektøren vurdere om delar av F9 kan nyttast til andre føremål enn renovasjon.

Innspel 82:

Ingen støtte tilrådinga frå kommunedirektøren.

Formannskapet drøfta seg fram til følgjande vedtak:

Områda L1, SP1 og store delar av SP2 skal vidareførast som i gjeldande kommunedelplan. Området S1, området sett av til skiløype om området av SP2 mellom skiløype og S1 skal setjast av til sentrumsføremål med krav om regulering. I føresegnene for området skal grøntkorridor nord-sør sikrast.

Bente Oxhøvd hadde følgjande framlegg til vedtak for innspela om å redusere utbyggingsområda i Gravfjellsplanen:

Det vert ikkje teke ut areal sett av til fritidsbustader frå eksisterande kommunedelplan for Gravfjellet.

Forslaget fekk ei røyst (H) og fall.

### **FS- 40/23 Vedtak:**

Formannskapet sluttar seg til tilrådingane kommunedirektøren har gjort i vedlagde notat om korleis innspela til arealdelen skal bli følgd opp i framlegg til revidert plan med følgjande endringar:

Innspel 59, 88 og 89:

Formannskapet finn forslaga interessante, men meiner forslagsstillarane må arbeide vidare med å:

- Kople føreslått løysingar for sti/løype til eksisterande sti/løype (Raud 1)
- Avklare det føreslåtte løypenettet mot løypenettet ved BHSS
- Vurdere nærleiken til næringsområdet
- Vurdere vegløyning mellom rv 51 og Beitestølsvegen

Formannskapet vil ta stilling til innspelet når forslagsstillar har meldt tilbake på desse punkta.


Innspel 61:

Tillegg: Formannskapet ber kommunedirektøren vurdere om delar av F9 kan nyttast til andre føremål enn renovasjon.

Innspel 82:

Områda L1, SP1 og store delar av SP2 skal vidareførast som i gjeldande kommunedelplan.

Området S1, området sett av til skiløype om området av SP2 mellom skiløype og S1 skal setjast av til sentrumsføremål med krav om regulering. I føresegnene for området skal grøntkorridor nord-sør sikrast.



| Saksnr. | Utval         | Møtedato   |
|---------|---------------|------------|
| 41/23   | Formannskapet | 22.06.2023 |

## Vurdering av innspel med habilitet innspel 100

### Tilråding

Formannskapet ber kommunedirektøren innarbeide innspel 100, i det utkast til revidert arealplan som skal sendast på høyring.

### Bakgrunn for saka

På bakgrunn av sak: *Vurdering av innspel- arealbruksendring* tatt opp i formannskapet 10.03.2022 og habilitetsvurdering handsama i kommunestyret sak 18/22 skal innkomne innspel til KPA nummerert med innspel nr. 13 a, b og c, innspel nr.100, innspel nr. 103 og innspel nr. 104 bli handsama for seg sjølv, slik at dei innspela det er knytt inhabilitet til for einskilde formannskapsmedlemmar vert handsama separat. Om ikkje ville eit fleirtal av formannskapet sine medlemmar blitt inhabile til å handsame ei fellessak om alle innspela var samla i same sak.

I denne saka er det innspel 100 som vert handsama.

### Saksopplysningar

I kommunestyresak 18/22 heiter det:

*«Den generelle regelen er at i ein plan som er omfattande og som gjeld for svært mange, og for KPA sin del alle innbyggjarane i kommunen, vert grensa for inhabilitet heva.*

*Det vil vera nokre generelle problemstillingar om habilitet som ofte vert reist i samband med KPA, og det er teneleg at desse problemstillingane vert drøfta samla og i forkant av handsaming av utkast til KPA i formannskapet og handsaming av KPA i kommunestyret. Vedlagd notat reiser nokre relevante problemstillingar. Vurderinga som er gjort i notatet er sjekka med KS-adv. Lauareid, og han har ikkje merknader til dei vurderingane som er gjort.»*

Vedtaket i KS- 18/22 er som følgjer:

*«Kommunestyret sluttar seg til vurderingane i vedlagd notat om grunnlag for vurdering av habiliteten til kommunestyremedlemmar i samband med revidering av arealdelen av kommuneplanen (KPA).»*

Med bakgrunn i vedtaket i KS-sak 18/22 har ordførar og varaordførar gått gjennom og kartlagt moglege habilitetssituasjonar for formannskapsmedlemmane og kommunestyremedlemmane. Dette grunnlaget er nytta for å kunne legge opp handsaming av



dei innkomne framlegga til endring av KPA på ein slik måte at vi sikrar at formannskapsmedlemmar og kommunestyremedlemmar ikkje deltek i handsaming av saker der dei er inhabile, samtidig som inhabilitet i ei konkret sak ikkje fører til at vedkomande representant vert inhabil til å ta del i handsaminga av heile KPA-en.

På bakgrunn av vedtak i KS-sak 18/22, kartlegginga av mogleg inhabilitet og vurderinga over vil følgjande fire innspela bli handsama som eigne saker i formannskapet:

- 13 a, b og c
- 100
- 103 og 104

Dei andre innspela vert handsama i ei felles sak.

### **Vurdering**

Vurderingane av innspel 100 bygger på same metodar som vurdering av alle andre innspel. Vi viser til omtale om dette i fellessaka.

Innhald og vurdering av innspel 100 er følgjande:

#### **Internnummer: 100 Gravfjellet – Sørre Veslestølen**

G/Bnr: 30/4

Størrelse:

Planstatus:


Område: Gravfjellet – Sørre Veslestølen

#### **Innspelet:**


Ynskjer å endre deler av S1a inne i område H2 (KDG) til fritidsbebyggelse.



Figur 72. Området slik det i dag er regulert i KDG. Til svarar T1 og T2 på Beitostølen.



Figur 25. Eit tidlegare heimstølsjorde, som ikkje har vore nytta sidan bygningane blei seldd som fritidseigedom.



Figur 27. S1a – tilleggsnæring ligg inne i H2, eit større utbyggingsområde som ligg i tidlegare kommunedelplan for Gravfjellet.

### **Vurdering:**

Det er eit mindre areal som ligg midt i eit større areal avsett til fritidsbusetnad. Arealet er i dag regulert til LNFR tilleggsnæring. KU og Roš-analysen har ikkje avdekt forhold som er negative til ei endring av arealformålet. H2 er ikkje tenkt endra i planen. Det vil vere krav om reguleringsplan før deling og bygging. Det vil også vere krav som gjeld infrastruktur.

| <b>Tema</b>                 | <b>Status</b> | <b>Forklaring (kunnskapgrunnlag)</b>               |
|-----------------------------|---------------|--|
| Kulturminner                |               | Mange kulturminner i og rundt den aktuelle teigen, |
| Naturmiljø                  | OK            | Ingen spesielle forhold                            |
| Samfunnssikkerheit (ROS)    | Ok            | Ingen spesielle forhold                            |
| Støy (samferdsel)           | Ok            |  |
| Vatn og avlaup              | Nei           |  |
| Statlege planretningslinjer |               |  |
| Arealstrategi               |               |  |
| Barn og unge                |               | Ingen spesielle forhold                            |
| Anna                        |               |  |

### **Vurdering av konsekvens ved endra bruk av areal:**

Innspelet omhandlar eit areal på 8,9 mål på Veslestølen som ligg i Gravfjells-planen sitt H2-område. Me ser enden på tilkommeveg på kartutsnittet. Det er no attgrodd med småbjørk og kratt i innmarksbeitet i nord. Elles viser området uproduktiv skog og skog av middels botanitet i A5. Området er dyrkbar mark på tjukk morenegrunn. Figuren viser og ein flik av

vernskog (svart) over arealet, men vil stå fram som ubetydeleg i samband med den anna utbygginga.

Arealet er relativt flatt med ei jamn helling mot sørvest. Kartet visar enkelte flekkvis klassifiserte helingar merka med raudt og oransje. Det går ei dreneringslinje gjennom feltet (20-50 000 m<sup>2</sup>) merka med blått. Kartet viser ingen rasutsette område på feltet, verken for snø, stein eller jord. Kartet viser mange registreringar av kulturminne i området. Me får opp eit punkt om «verna eller uavklart lokalitet»-brune område (kulturminne med SLD). På NIBIO finn me fyljande kommentar: Stølsvoll med seks hustuffer og om lag 30 rydningsrøyser, hovudsakleg mellom 0,5 og 2 m i diameter. Her må det til ytterlegare undersøkingar og avklaringar på kva og kvar dette er. Kartet viser registreringar av ein sårbar art. I Artsdatabanken finn me at observasjonen gjeld granmeis. Slik me ser det vil ikkje utbygginga av dette arealet vera det som påverkar Granmeisa mest, men den totale belastninga på området når H2 vert realisert. Biologiske mangfaldet på marka i området er truleg positivt påverka av beitinga som vart tilbake i tid. Men når området gror att med større vegetasjon vil det forsvinna. Skal det biologiske mangfalde utvikla seg må området på nytt ryddast og beitast/blir slått. Det vil vera lite aktuelt med utbyggingsplanane som er der i dag.

Arealet er alt sett av til ei utbygging, men det er ynskje om å kunna dela i frå tomter.

### **Tilråding:**

Kommunedirektøren tilrår at innspelet vert teke inn i planen.

### **Formannskapet 22.06.2023:**


#### **Behandling:**

Kristin Krogvold Fystro gjekk frå som inhabil. Morten Steinsrud møtte som vara.

Tilrådinga samrøystes vedteke.

#### **FS- 41/23 Vedtak:**

Formannskapet ber kommunedirektøren innarbeide innspel 100, i det utkast til revidert arealplan som skal sendast på høyring.



# Øystre Slidre kommune

## Saksframlegg

ArkivSak: 21/808  
ArkivID: K1-141, PLANID-202102  
Saksbehandlar: Anne Karen Olsen

| Saksnr. | Utval         | Møtedato   |
|---------|---------------|------------|
| 42/23   | Formannskapet | 22.06.2023 |

## Vurdering av innspel med habilitet innspel 103 og 104

### Tilråding

Formannskapet ber kommunedirektøren ikkje innarbeide innspel 103 og 104 i det utkast til revidert arealplan som skal sendast på høyring. Formannskapet ber kommunedirektøren innarbeide eit areal rundt biovarmeanlegget som ikkje blir nytta til utbyggingsføre mål jf. innspel 104.

### Bakgrunn for saka

På bakgrunn av sak: *Vurdering av innspel- arealbruksendring* tatt opp i formannskapet 10.03.2022 og habilitetsvurdering handsama i kommunestyret sak 18/22 skal innkomne innspel til KPA nummerert med innspel nr. 13 a, b og c, innspel nr.100, innspel nr. 103 og innspel nr. 104 bli handsama for seg sjølv, slik at dei innspela det er knytt inhabilitet til for ein skilde formannskapsmedlemmar vert handsama separat. Om ikkje ville eit fleirtal av formannskapet sine medlemmar blitt inhabile til å handsame ei fellessak om alle innspela var samla i same sak.

I denne saka er det innspel 103 og 104 som vert handsama.

### Saksopplysningar

I kommunestyresak 18/22 heiter det:

*«Den generelle regelen er at i ein plan som er omfattande og som gjeld for svært mange, og for KPA sin del alle innbyggerane i kommunen, vert grensa for inhabilitet heva.*

*Det vil vera nokre generelle problemstillingar om habilitet som ofte vert reist i samband med KPA, og det er teneleg at desse problemstillingane vert drøfta samla og i forkant av handsaming av utkast til KPA i formannskapet og handsaming av KPA i kommunestyret. Vedlagd notat reiser nokre relevante problemstillingar. Vurderinga som er gjort i notatet er sjekka med KS-adv. Lauareid, og han har ikkje merknader til dei vurderingane som er gjort.»*

Vedtaket i KS- 18/22 er som følgjer:

*«Kommunestyret sluttar seg til vurderingane i vedlagd notat om grunnlag for vurdering av habiliteten til kommunestyremedlemmar i samband med revidering av arealdelen av kommuneplanen (KPA).»*

Med bakgrunn i vedtaket i KS-sak 18/22 har ordfører og varaordfører gått gjennom og kartlagt moglege habilitetssituasjonar for formannskapsmedlemmane og kommunestyremedlemmane. Dette grunnlaget er nytta for å kunne legge opp handsaming av dei innkomne framlegga til endring av KPA på ein slik måte at vi sikrar at formannskapsmedlemmar og kommunestyremedlemmar ikkje deltek i handsaming av saker der dei er inhabile, samtidig som inhabilitet i ei konkret sak ikkje fører til at vedkomande representant vert inhabil til å ta del i handsaminga av heile KPA-en.

På bakgrunn av vedtak i KS-sak 18/22, kartlegginga av mogleg inhabilitet og vurderinga over vil følgjande fire innspela bli handsama som eigne saker i formannskapet:

- 13 a, b og c
- 100
- 103 og 104

Dei andre innspela vert handsama i ei felles sak.

### **Vurdering**

Vurderingane av innspel 103 og 104 bygger på same metodar som vurdering av alle andre innspel. Vi viser til omtale om dette i fellessaka.

Innhald og vurdering av innspel 103 og 104 er følgjande:

#### **Internnummer: 103 Beitostølen – Stølslie**

G/Bnr: 5/1 og 5/99

Størrelse:


Planstatus: I KDB: LNFR.

Område: Beitostølen – stølslie


-

#### **Innspelet:**

Energianlegg i bustadområde. Ynskjer endring av arealbruk. Området er i dag regulert gjennom både reguleringsplan og kommunedelplan for Beitostølsområdet .



Figur 73. Areal i KPB. Kombinert bebyggelse og anlegg – framtidig og LNFR.



Figur 42. Energianlegget i KDB.






Figur 43. Engerianlegget



Figur 44. Ei større hensynssone er tenkt rundt engerianlegget. Nøyaktig plassering – sjå kommuneplanen sitt kart.



Figur 74. Området sitt med reguleringsplankartet.



Figur 75. Frå forslagsstillar - ynskja omregulering av areal.

**Vurdering:**

| Tema                        | Status | Forklaring (kunnskapgrunnlag)               |
|-----------------------------|--------|---|
| Kulturminner                | Ok     |   |
| Naturmiljø                  | Ok     | Noko djupmyr                                |
| Samfunnssikkerheit (ROS)    |        | Aktsomhetsområdet til bekk som går gjennom. |
| Støy (samferdsel)           |        | Gul støysone går inn i området              |
| Vatn og avlaup              | Ok     |   |
| Statlege planretningslinjer |        |   |
| Arealstrategi               | Nei    |   |
| Barn og unge                | Ok     |   |
| Anna                        |        |   |

**Vurdering av konsekvens ved endra bruk av areal:**

Kommunedirektøren viser til f-sak 31/22 KPA- bustadbygging og f-sak 32/22 KPA – næringsareal. Innafor næringsarealkategoriane A, B og C er det ikkje ønskeleg å ta området i bruk verken til handel (kategori A/B), noko som vil innebere sentrumsspeining, eller til tyngre næringar kategori C, grunna nærleiken til bustadområdet. Det er eit behov for auka tilgang på areal for bustadføre på Beitostølen, og området sett av til bustadføremål bør ikkje reduserast. Det bør sikrast ei sone mellom biovarme-anlegget og bustadområdet/anna aktivitet, noko som bør takast inn i planen.

#### **Tilråding:**

Kommunedirektøren tilrår at innspelet ikkje blir teken inn i planen, men at det vert sett av eit areal rundt biovarmeanlegget som ikkje blir nytta til utbyggingsføremål.

#### **Internnummer: 104 Liahaugstølen**

G/Bnr: 5/1, 5/99, 4/3, 4/151, 4/152 og 9002/19

Størrelse:

Planstatus:

Område: Liahaugstølen

#### **Innspelet:**

Deler av arealet er alt satt av til fritidsbebyggelse. Det er ynskje om å få store deler av området regulert frå LNFR til fritidsbebyggelse.



*Figur 76.* Omriss av området.



Figur 77. Deler av området, slik det er regulert i KDB.

### **Vurdering:**

Endring av arealformål til fritidsbebyggelse. KU og ROS-analysen har ikkje avdekket forhold som er negativt til formålsendring. Endring av arealformål er innanfor beitegjerde og fjellgrensa og nedover mot bustadområdet Stølsle.

| <b>Tema</b>                 | <b>Status</b> | <b>Forklaring (kunnskapgrunnlag)</b>  |
|-----------------------------|---------------|---|
| Kulturminner                | Ok            | Eit par stk rett utanfor området.   |
| Naturmiljø                  |               | Naturtype av høg kvalitet i store deler av området. Vernskog og dyrkbar jord i store deler. |
| Samfunnssikkerheit (ROS)    | Ok            |   |
| Støy (samferdsel)           | Ok            |   |
| Vatn og avlaup              | Ok            |   |
| Statlege planretningslinjer |               |   |
| Arealstrategi               |               |   |
| Barn og unge                | Ok            | Ingen spesielle forhold   |
| Anna                        |               |   |

## **Vurdering av konsekvens ved endra bruk av areal:**

Det aktuelle området er ønska satt av til: - konsentrert fritidsbebyggelse - skiløype/heilårs turveg - tilkomstveg frå Markavegen, Lokkarstigen og Jomstølvegen - leikeplass og grøntområder.

Området er ei naturleg fortetting og utviding av eksisterande hytteområde. Veg, vant, avløp, straum og fiber ligg i nærleiken av området. Det er positivt å få etablert ein heilårs turveg/skiløype ut frå sentrum med ei forsvarleg stigning, noko ei utbygging av område vil bidra til. Området ligg 600 - 800 meter frå butikk (Kiwi Beitostølen). Avstanden til restauranter, barer mv. er om lag 1,1 til 1,3 km. Avstanden er med andre ord ikkje lengre enn at mange kan gå eller sykle til butikk, restaurant m.v.. Lokaliseringa bidreg til mindre intertrafikk til og frå sentrum, enn utbyggingar som ligg lengre frå sentrum.

Hovudskiløype/turveg frå Beitostølen vil gå gjennom området, med kort veg frå fritidsbustaden til skiløype/turveg.

Ulempene med ei utbygging i dette området er at dei som har hytter i området vil få auka trafikk og ferdsel nær sine eigedomar. Den auka trafikken vil både vera knytt til etablering av nye bueningar og til auka bruk av stiar og løyper i området.

Utbyggingsområdet ligg i nærleiken av Heime Hedalsstølane. Etablert sperregjere reduserer konflikten mellom hytteområda og landbruket/beitebruk. Auka bruk av området utafor sperregjerdet som denne utbygging, vil til liks med anna eksisterande og ny utbygga ha negative følgjer for beitenæringa.

Kommunedirektøren meiner at utbygging i dette området er i samsvar med planprogram og nasjonale retningslinjer om fortetting av eksisterande utbygde område ut utbygging av område i tilknytning til eksisterande utbygde område. Området er sentrumsnært, og arealet bør utnyttast på ein god måte. Føremålet med å ta dette sentrumsnære området i bruk må vera å spare anna areal som er meir perifert og som har større negative miljø- og klimaverknader for utbygging. På dette grunnlaget vil kommunedirektøren tilrå at innspelet vert teken inn i arealplanen.

Kommunedirektøren viser til formannskapet si handsaming av sak 56/22, der det heiter i vedtaket: *Liahaugstølen: Vurdere å ikkje utvide område ift. gjelande plan.*

Kommunedirektøren forstår dette slik at formannskapet ikkje ønskjer å utvide arealet for fritidsfremål i dette området, og tek det til følgje.

## **Tilråding:**

Kommunedirektør tilrår at innspelet ikkje blir teke inn i planen.

## **Formannskapet 22.06.2023:**

### **Behandling:**

Bente Oxhøvd gjekk frå som inhabil. Gunnar Thue møtte som vara.

Kommunedirektøren la fram følgjande tillegg til tilrådinga, ny setning på slutten:

Formannskapet viser til handsaming av innspel 59, 88 og 89 i sak 40/23:

Formannskapet finn forslaga interessante, men meiner forslagsstillarane må arbeide vidare med å:

- Kople føreslått løysingar for sti/løype til eksisterande sti/løype (Raud 1)
- Avklare det føreslåtte løypenettet mot løypenettet ved BHSS
- Vurdere nærleiken til næringsområdet
- Vurdere vegløyning mellom rv 51 og Beitestølsvegen

Formannskapet vil ta stilling til innspelet når forslagsstillar har meldt tilbake på desse punkta.

Gunnar Thue (H) la fram følgjande forslag til vedtak:  
Innspel 104 vert teke inn i planen.

Framlegget til Gunnar Thue (H) fekk ei røyst (H)  
Tilrådinga frå kommunedirektøren fekk 4 røyster (3 Sp, 1 Ap).

#### **FS- 42/23 Vedtak:**


Formannskapet ber kommunedirektøren ikkje innarbeide innspel 103 og 104 i det utkast til revidert arealplan som skal sendast på høyring. Formannskapet ber kommunedirektøren innarbeide eit areal rundt biovarmeanlegget som ikkje blir nytta til utbyggingsføre mål jf. innspel 103.

I høve innspel 103 viser formannskapet til handsaming av innspel 59, 88 og 89 i sak 40/23: Formannskapet finn forslaga interessante, men meiner forslagsstillarane må arbeide vidare med å:

- Kople føreslått løysingar for sti/løype til eksisterande sti/løype (Raud 1)
- Avklare det føreslåtte løypenettet mot løypenettet ved BHSS
- Vurdere nærleiken til næringsområdet
- Vurdere vegløyning mellom fv 51 og Beitestølsvegen

Formannskapet vil ta stilling til innspelet når forslagsstillar har meldt tilbake på desse punkta.





# Øystre Slidre kommune

## Saksframlegg

**ArkivSak:** 21/808  
**ArkivID:** K1-141, PLANID-202102  
**Saksbehandlar:** Anne Karen Olsen

| Saksnr. | Utval         | Møtedato   |
|---------|---------------|------------|
| 43/23   | Formannskapet | 22.06.2023 |

## Vurdering av innspel med habilitet innspel 13

### Tilråding

Formannskapet ber kommunedirektøren innarbeide innspel 13a og 13 b, men ikkje 13 c, i det utkast til revidert arealplan som skal sendast på høyring.

### Bakgrunn for saka

På bakgrunn av sak: *Vurdering av innspel- arealbruksendring* tatt opp i formannskapet 10.03.2022 og habilitetsvurdering handsama i kommunestyret sak 18/22 skal innkomne innspel til KPA nummerert med innspel nr. 13 a, b og c, innspel nr.100, innspel nr. 103 og innspel nr. 104 bli handsama for seg sjølv, slik at dei innspela det er knytt inhabilitet til for einssilde formannskapsmedlemmar vert handsama separat. Om ikkje ville eit fleirtal av formannskapet sine medlemmar blitt inhabile til å handsame ei fellessak om alle innspela var samla i same sak.

I denne saka er det innspel 13 a, b og c som vert handsama.

### Saksopplysningar

I kommunestyresak 18/22 heiter det:

*«Den generelle regelen er at i ein plan som er omfattande og som gjeld for svært mange, og for KPA sin del alle innbyggjarane i kommunen, vert grensa for inhabilitet heva.*

*Det vil vera nokre generelle problemstillingar om habilitet som ofte vert reist i samband med KPA, og det er teneleg at desse problemstillingane vert drøfta samla og i forkant av handsaming av utkast til KPA i formannskapet og handsaming av KPA i kommunestyret. Vedlagd notat reiser nokre relevante problemstillingar. Vurderinga som er gjort i notatet er sjekka med KS-adv. Lauareid, og han har ikkje merknader til dei vurderingane som er gjort.»*

Vedtaket i KS- 18/22 er som følgjer:

*«Kommunestyret sluttar seg til vurderingane i vedlagd notat om grunnlag for vurdering av habiliteten til kommunestyremedlemmar i samband med revidering av arealdelen av kommuneplanen (KPA).»*

Med bakgrunn i vedtaket i KS-sak 18/22 har ordførar og varaordførar gått gjennom og kartlagt moglege habilitetssituasjonar for formannskapsmedlemmane og kommunestyremedlemmane. Dette grunnlaget er nytta for å kunne legge opp handsaming av dei innkomne framlegga til endring av KPA på ein slik måte at vi sikrar at

formannskapsmedlemmar og kommunestyremedlemmar ikkje deltek i handsaming av saker der dei er inhabile, samtidig som inhabilitet i ei konkret sak ikkje fører til at vedkomande representant vert inhabil til å ta del i handsaminga av heile KPA-en.

På bakgrunn av vedtak i KS-sak 18/22, kartlegginga av mogleg inhabilitet og vurderinga over vil følgjande fire innspela bli handsama som egne saker i formannskapet:

- 13 a, b og c
- 100
- 103 og 104

Dei andre innspela vert handsama i ei felles sak.

### **Vurdering**

Vurderingane av innspel 13 a, b og c bygger på same metodar som vurdering av alle andre innspel. Vi viser til omtale om dette i fellessaka.

Innhald og vurdering av innspel 13 a, b, og c er følgjande:

### **Sak 13**

Område Smådalssvingen mellom Lidar skule og Myhre Gård

***Internnummer: 13a***


*G/Bnr: 7/10*

Størrelse:

Planstatus:

### **Innspelet:**

Arealbruksendring, frå boligbebyggelse til LNFR.



Figur 78. Omregulere store deler av det gule området.

### **Vurdering:**

Grunneigar har foreslått å ta ut areal som har vore avsett til bustadområde i Smådalssvingen. Det er ikkje behov for KU og ROS på dette innspelet. Kommunen er positiv, særleg med tanke på ei ev. justering av fylkesveg og/eller utbygging av gang og sykkelveg i dette området.

| <b>Tema</b>                 | <b>Status</b> | <b>Forklaring (kunnskapgrunnlag)</b> |
|-----------------------------|---------------|--------------------------------------|
| Kulturminner                | Ok            |                                      |
| Naturmiljø                  | Ok            |                                      |
| Samfunnssikkerheit (ROS)    | Ok            |                                      |
| Støy (samferdsel)           | OK            |                                      |
| Vatn og avlaup              |               |                                      |
| Statlege planretningslinjer | Ok            |                                      |
| Arealstrategi               | OK            |                                      |

|              |    |  |
|--------------|----|--|
| Barn og unge | Ok |  |
| Anna         |    |  |

### **Tilråding:**

Kommunedirektør tilrår at innspelet blir teke inn i plan.

### ***Internnummer: 13b***


*G/Bnr: 7/10*

Størrelse:

Planstatus:

### **Innspelet:**

LNFR til næringsområde.



*Figur 79*

### **Vurdering:**

Dette er eit større areal som ligg ved Bygdinvegen, omtrent 4 km frå Beitostølen sentrum. Areal er ynskja omdisponert til næring, samsvare med det som er ynskjeleg etter planprogrammet og innspel nr 12. Det har vore drøftingar med grunneigar, og kommunen har gjort ein intensjonsavtale om kjøp av areal nord for Olevegen til nytt næringsareal dersom dette arealet vert teke inn i arealplanen. Grunneigar ønsker å tilby arealet sør for Olevegen til landbruksrelatert næringsområde, t.d. ridesenter.

| Tema                        | Status | Forklaring (kunnskapgrunnlag)                                      |
|-----------------------------|--------|--|
| Kulturminner                | ok     | Par kulturminner registrert i øvre del                             |
| Naturmiljø                  | OK     | Funksjonsområde i øvre del   |
| Samfunnssikkerheit (ROS)    | Ok     |  |
| Støy (samferdsel)           | ok     | Gul og raud støysone. Ok i forhold til at det er tenkt næring her. |
| Vatn og avlaup              | ok     |  |
| Statlege planretningslinjer |        |  |
| Arealstrategi               | ok     |  |
| Barn og unge                | ok     | Ingen spesielle forhold.   |
| Anna                        |        |  |

### **Vurdering av konsekvens ved endra bruk av areal:**

Store deler av arealet er uproduktiv skog, med dyrkbar jord. Ein liten del er skog av middels bonitet. Arealet ligg langs ein etablert hovudveg. Arealet har noko helling og vil krevje noko arealinngrep. Arealet ligg 4 km unna sentrumskjernen på Beitostølen. Det er noko anna bebyggelse i området. Området kan skjermast frå hovudveg, noko som vil vera viktig for å hindre visuell forringing med næringsverksemd her. Eksisterande veg (fylkesveg 51) er alt etablert for større mengde trafikk. Retten til å nytte nedre del av Olevegen må avklarast, og denne delen må rustast opp.

### **Tilråding:**

Kommunedirektør tilrår at innspelet blir teke inn i plan.

### ***Internnummer: 13c***


*G/Bnr: 7/110*

Størrelse:

Planstatus:

### **Innspelet:**

LNFR til fritidsbebyggelse



Figur 80. Området oppe ved Hedalsstølane.

**Vurdering:**

| Tema                        | Status | Forklaring (kunnskapgrunnlag)   |
|-----------------------------|--------|---|
| Kulturminner                | Ok     | Eit par fjernmålte kulturminner i området                                 |
| Naturmiljø                  |        | Noko myr, elles torv/morene. Deler av området er viktige naturtypeområde. |
| Samfunnssikkerheit (ROS)    | Ok     |   |
| Støy (samferdsel)           | Ok     |   |
| Vatn og avlaup              | Nei    |   |
| Statlege planretningslinjer |        |   |
| Arealstrategi               | Nei    |   |
| Barn og unge                | Ok     | Ingen spesielle forhold   |
| Anna                        |        |   |

**Tilråding:**

Kommunedirektør tilrår at innspelet ikkje blir teke inn i plan.

**Formannskapet 22.06.2023:**

**Behandling:**

Arnfinn Beito gjekk frå som inhabil. Morten Steinsrud møtte som vara.

Tilrådinga samrøystes vedteke.

**FS- 43/23 Vedtak:**

Formannskapet ber kommunedirektøren innarbeide innspel 13a og 13 b, men ikkje 13 c, i det utkast til revidert arealplan som skal sendast på høyring.